



Verdisetjing av fiskeressursen i elva blir ein viktig sak på årsmøtet. . (Foto: Ola Matti Mathisen)

Styret i Uskedalen Grunn- og elveeigarlag har no sendt ut eit spørjeark til partshavarane om verdisetjing av elva og ber om at det blir sendt inn snarast råd.

Det gjeld å få fram partshavarane sitt syn på verdisetjing av fiskeressursen – med bakgrunn i driftsplanen for perioden 2006/2010 og vedtak på årsmøtet i fjor. Resultatet skal gjerast kjend og bli drøfta på årsmøtet fredag 1. februar på Stemneplassen. I innkallinga har det diverre vorte ein feil, men dette er altså den rette datoen..

Spørjegranskinga opererer med fire alternativ:

- Alternativ 1: Ny ordning der det vert betalt ut luter med bakgrunn i kor mykje "elv" du har, den elvelengda du eig.
- Alternativ 2: Noverande ordning, men med ei tilpassing/meirutbetaling til dei som har låg skyld, mange meter elv, har ulemper og som kjem dårleg ut med dagens ordning. Gjeld nokre grunneigarar.
- Alternativ 3: 50 prosent av utbetalinga vert delt på antal partshavarar. 50 prosent av utbetalinga vert fordelt med bakgrunn i antal meter elv.
- Alternativ 4: Noverande ordning der det vert betalt ut luter med bakgrunn i skyld.

Av Ola Matti Mathisen